

△ Krapotkin :

Treng noton vera matlaus?


+ Tynnet 1890

XI
Kropotkin

TORLEIV HANNAAS
Nynorsk Boksamling



TORLEIV HANNAAS



Treng nokon vera matlaus?

Av Fyrst Kropotkin.

(Fraa Fransk) [*ved Ivar Mortensson*]

I

Den som granskar væl etter korleis Samfunde er laga, han maa rett bli forundra over kor motskapt det ser ut: paa den eine Sia ein liten Flokk vælnærde og kaute Storkarar og paa den andre Sia den store Mugen træløygd og forkava av Nau og Armosdom. Aldri i Verda hev det vore so syndleg motsett som det er no til Dags. Og likevæl hev det aldri vore so mange Raaer til aa jamne alt ihop att som no. Det er vondt aa seie det, men endaa er det so, at dei som ein skulde tru hadde baade Vit og Vilje dei er som magtstolne dei og let Floken liggje ugreidd. Det er til ingen nytte, at Vitenskapen gaar paa med Stormstig, ser nye Naturlover til kvar Dag og gjer nyttige Uppfinningar; paa same Tia som det er Framstig paa alle andre Kantar, so blir berre den sosiale Stilling verre og verre. Insjenørane grev igjen om Fjell og Ei, Lækjarane trengjer inni Livsens og Naturens Løyndomar, Filosofane og Diktarane legg klaart Sjølelive i Menneskja, fraa alle Kantar ber Andens Arbeiar sin Stein til Kulturens Bygning. Med

142356

alt dette gaar for seg, so versnar Tilstande i Samfunde, og den gruvelege Skilnaen millom fatik og rik aubar. Trass i alle denne Framgangen so ligg Armoa tyngre enn fyrr over Smaafolke.

Kvifor er dette soleis? Tia vaar, som er slik ei Framgangs og Uppfinningsti, kvifor er det so laga, at ho skal vera so rik paa Svolte og Ulykke? Med Vitenskap og Kunst staar i Blom og Næringsvegjene gaar fram paa alle Kantar, kvifor skal me sjaa at det sosiale Spursmaal berre hind seg til ein fastare og fastare Knut i Staen for aa losne? kvifor skal me sjaa, at Likskapen millom Menneskja berre blir mindre og mindre? No daa me paa alle Sier er sterkare og rikare enn fyrr, kvifor staar me no meir enn fyrr magtlause med aa finne den Bot som duger?

Det er no so, at alle dei Framstig i Næringslive, som blir gjorde er det nokre faae, som gjer seg Nytte av til Skae for heile store Samfunde; det er nok langt ifraa, at Vitenskapens Uppfinningar er til Gagn for Menneskja i det heile, nei det er berre rike Klassar som spinn Sikje av det. Ein skulde tru, at den store Rørsle i Aarhundrae vaart i Industri og Vitenskap skulde ha gjort Live lettare for nokon kvar. Men dette er ikkje anna enn ei Synkverving. Det er greitt, at det er gildt aa vita, at Insjenørane vaare hev kunna leggje eit Nett av Jønn rundt heile Jorda og fører Dampvegna tvert igjennom Svarte Fjelle. Men kva er det daa for vinning kvar ein hev av slike Framtak? kor gilde desse Jønnvegjene i mange Maatar kann vera, so far daa Mangmannen svie hardt, for dei hind berre Serrettene og Monopola aat Storkarane endaa fastare. Dei hjelper meg til aa koma hit og dit i ei

Snarvending, det er sant; men kva Gagn er det i aa vita det for ein Stakar, han blir ikkje rikare, sjølv um han flytjer seg aldri so langt, naar Storfolke berre fær meir og meir Magt over han, kor han so sviv helst. Arbeismannen maa nok slite baade hardt og traatt med aa byggje upp desse lange Vegjene, men naar dei so væl er ferdige, so kjem Pengeinannen og Storhandlaren og seier aat Arbeiaren: no kann du gaa din Veg, det er me som skal ha Vinninga av Slite ditt, og so hev Arbeiaren berre gjort eit Ris til sin eigen Ende. Bra Betaling kunne han væl faa, so lenge Arbeie sto paa, men so fekk han Bise og, som han ikkje kunne bli kvitt. Me ser, at det som i seg sjølv er so stort Framstig, det blir i denne bakvende Verda stelt so teis, at det blir til Forbanning i Staen for Vælsigning.

Paa same Gjerda er det med dei fleste av dei store Uppfinningar i dette Aarhundrae. Naar ein ser det i det store, so hev Folka mest ingen Ting vunne ved alle desse Framstiga. Telegraf, Dampbaatar og Maskiner av alle Slag hev ikkje gjort noko til aa auke deira Vælferd som hev det vondt, og det er likeso mange Fatikfolk no etter Maaten som fyrr daa desse store Uppfinningane ikkje var gjort. Aa det er ei æveteleg Skam! Me ser at i Røynda hev alle desse nye Arbeismidlar, som Vitenskapen hev gjeve oss paa hundrevis auka den menneskjelege Arbeisevne. Og naar no Samfunde ikkje hev kunne gjera den Kraft, som det hev millom sine Hender før til aa auke Lykka for alle sine Lemmer; naar det som ei vond Stemor ikkje vil nære alle Bonna sine likt, so er det fordi heile Samfundsbygnaen er avlaga. Alle dei som sit in-

ne med Kunnskapen og Vite burde raune av Skam ved aa sjaa at alle den menneskjelege Aands Arbei til Slutning berre fører til aa magtstela Samfunde.

Gamlekarane seier nok det, veit me, at det kann ikkje annleis vera, og at Samfunde er æveleg dømt til denne Kapping og Tevling i Livsens Stri. For det er med dette dei orsakar seg, naar dei vil forsvara all Trælking og Urettferd som fins i Verda. Fyrr snakka dei mest um, at det var so Guds Vilje, og no er det „Strien for Tilvære“ dei fer med. Ja denne Strien fins det nok av, og aldri er han ført med meir Villskap og Hat eun no. Tenk paa dei kallege Orda aat Presten Malthus: „ved det store Samfundsborde er det ingen Pless aat Fatikfolka“. Men maa det daa endeleg vera soleis, og skal me liksom Dyra vera dømde til aa sluke kvarandre? Denne gamle Jorda, som me hev lært aa dyrke og ny upp att i det endelause, kann ho ikkje gjeva oss i rikt Maal alt det som er trengjande for oss og skal me vera nøydde til aa sjaa at ein Del av Menneskja skal svelte og slite berre for at den andre skal kunne liva? Nei, tusen Gong nei! Det er ikkje soleis, og denne Livsens Kappestri er ikkje nokon slik fyreset Lagna, som mange trur. Det er med Kunst at me held uppe denne Kappestrien. Me hev berre aa gjera Ende paa det gamle Stell ved ein Umskipna, som heilt ut skal nye upp det gamle Samfunde, daa skal det syne seg, at det er nok Mat, so ingen treng um aa svelte.

II.

For det fyste skal Ju leggje Merkje til kor lite Jorda ber av seg med den Ordninga som no er. Den private Eigedsretten kva form han so hev, er ei

Hindring for aa dyrke Jorda paa ein full vitenskapleg og rasjonel Maate, soleis som ein kunne gjera det, naar ein fekk gjera Bruk av alle dei Framstig som er gjorde i Aarhundrae. Storbruke no er syrgjeleg paa den Maaten, at det let store Stykkje Jord ligge daue og nyttelause millom Hendene paa Pengekarane, som daa dei ikkje dyrkar Jorda sjolve er udugelege til aa faa ho til aa bera den rette Avling. Med Smaabruke er det paa same Maaten, Jorda kann ikkje der heller bli drivna paa den tenlegaste Maaten, um Brukarane er aldri so strævally og flinke, ein gjer det so og ein annan so, mykje Kraft gaar til Spilles fordi dei ikkje hev Raa til aa skaffe seg dei høvelegaste Arbeismidlar, det blir ingen Einskap i Arbeie og daa sjølvfylgjeleg ikkje den Avdraatt, som naar alle Krefter samla seg mot eit Maal, som det vilde bli, naar det var Samdrift. Og so skal du tenkje paa kor mykje denne Sundbytinga ofte med digre Steingarda og Skogrisper millom Jordstykkja tek burt av go og dyrkbar Grunn som ingen fær bruke. Det er lett aa skyne kor mykje Land det vilde bli vunne, dersom det vart Slutt paa denne Sundbytinga og alt vart lagt ut til Sambruk. Soleis som det no er gjer kvar Brukar med Eignedomen sin som han sjelv tykkjer uta aa bry seg um Samfunde, som han er nøydd til aa liva millom; naar han med Slit og Møe kann tene sovitt Mat i Munn er han likesæl med alt anna. Dersom det er ein Storbrukar og han fær den Lona at han vil gjera nokre av Aakrane og Grasvollane sine um til Jagtmark, so driv han burt Leiglendingane og Husmennene sine dei uspurt og kann stundom leggje att fleire Hundra Maal Jord til Villmark eller Beite. Han gjer plent som han vil, anten han dyrkar Jorda ai eller let det vera — han hev

Raa til baae Delar — og dyrkar det gjer han ofte berre for Moro uta aa bry seg um at Avlinga skal bli so stor som mogeleg; han hev ikkje eingong Ti eller Lyst til aa setje seg inni korleis eit rett Jordbruk skal vera, daa han kanskje hev si neste Interesse i aa stelle med Fabrikkar, som gjev honom større Inntekter. Naar det var Sambruk vilde ikkje slikt noko vera mogeleg. Alle desse kunstige Hindringar vilde daa falle burt og store Vidder av go Jord vilde bli dyrka. Og det vilde vera stor Mon aa sjaa paa Avlinga og Draatten. Men det var ikkje berre ei større Jordvidde, som den nye Ordninga vilde gjeva oss. Sjelve Produksjonen vilde fordublas paa hundrevis ved det at Jorda vart brukt soleis at ein kunne faa gjennomføre ein fullt ut vitenskapleg Driftsmaate. Me hev endaa for det aller meste den villmannslege Maaten med Drift paa Vidda (ekstensift), men alle vituge Jorddyrkarar held no paa det, at skal ein faa so mykje ut av Jorda som ho kann gje, so maa ein drive Jordbruke intensift, legge Arbeie paa aa gjera det same Jordstykkje betre og betre dyrka. Men for aa faa dette gjennomført vilde ikkje nokon Maate vera lagleg som Sambruke. For daa vilde alle dei Krefter, som no er spreidde utover dei store viddene og arbeier paa Slump og paa Rov, bli samla i Arbeislag, og dei vilde leggje Plan i sitt Arbeie, og stræve mot samfelles Maal. Me veit etter det me ser i Industrien kor mykje Produksjonsevna aukar ved det arbeiarane er samla i store Lag Fabrikane, der alt blir gjort etter Vitenskapens Reglar. Me kann daa tenkje oss, kva Jorda vilde kunne bera, dersom ho vart brukt paa same Maaten av frie Arbeiarlag, som i Staen for aa øye si Kraft einskildvis tok for seg aa drive Jordbruke vitenskapleg i den Meinung aa drive so stor Produksjon so mogeleg. Ei slik Sam-

laging av Jordbrukarar vilde gjera store Ting; med mindre Arbei vilde dei vinne mykje meir ut av Jorda enn det er moegeleg no. Berre av Grasmark vilde det kunne vinnas umaateleg mykje meir. Ein kunne rekne i Millionvis berre dei Høylassa som gaar til Spilles ved det at Fjøsa ikkje er stelte so at Fraua blir rett utnytta. So nær som paa nokre faae Staer som er framkomne som dei skal, so kann ein elles seie, at Folk snantt hev gjort dei fyste Steg til aa drive Jordbruk paa full rasjonel Maate, og det fins fælt fruktbare Land der Jorda endaa ikkje gjev Femtedelen av kva ho burde gjeva. For aa nemne eit Land berre, Rusland kunne, naar det var rett dyrka, nære baade Europa og Amerika. Han sannar dette Geografen Elisée Reclus, naar han seier: „dersom kvar Hektar Aaker i Russland bar so mykje Korn som i England, so vilde det bli ein Haust paa nær ved 5,000,000,000 -- fem Milliardar -- Hektoliter Korn, og dette vilde vera nok til aa føe 500 Millionar Menneskje“. Naar ein tenkjer over slike Ting, so maa ein rett spyrje seg sjølv kva det er for Slag Kultur, som me er so byrge av, naar det er so go Matvon, og det endaa skal vera Matløysel! Me høyrer jømt so mykje Snakk um alt Framstige baade her og der; og Regjeringane er jømt framme og skal rose Landbrukskulane sine, men Sanninga er den at med Umsyn paa Jordbruke ligg Europa, endaa halvast i Villmansdomen; det er i dei aller fleste Land endaa, at dei ikkje veit aa gjera seg til goe Kunnskapar og Lærdomar som Vitenskapen hev gjeve oss um Jordbruke. Men dei vil nok koma til Nyttedagen, daa Privateiga sluttar, for med den vil og dei Hindringar falle burt, som no gjer at ein ikkje kann faa stelle med Jorda som ein skulde. Daa vil

me sjaa, at Jorda, denne gamle Megga, som me i Grunnen forstaar so lite og som me misbrukar so Skattane aat, ho vilde gje oss Avlingar so store, at me vart reint forundra, og ingen vilde lenger ha Grunn til aa klage over at det vanta Mat i mange Munnar.

Men no kunne nokon seie, at me hev gjort eit Krav til Jorddyrkinga som er umogeleg no for Tia, daa denne intense Drifta berre er gjennomförd paa nokre reint faae Staer. Lat oss daa sjaa, kor det steller seg med Avlingane, som no blir gjort; lat oss granske um Jorda med den Dyrkna som ho no fær, gje nok til at alle kann eta seg mette.

III.

Vitenskapen er ikkje so langt komen endaa, at det er Raa til aa faa vita kor mykje kvart Land over heile Jorda produserar. Me kann difor berre ta for oss dei Landa, som me hev fullgoe statistiske Opplysningar um, og det er daa Europa og Sambandsstatane i Nordamerika. Desse tvo Landsdelane hadde i 1886 tilsaman 407,360,000 Menneskje, det vil seie ein Mon meir enn Fjordeparten av alle Folk paa Jorda. Og me hev daa dei Landa, der Kappestrien um kvar Matbiten er kvassast og det sosiale Spursmaal mest brennande. Ifraa det me finn ut for desse Landa sin Del vil ein alti kunne drage sine Slutningar ogso vedkomande andre Verdensdelar.

Av alle dei Produkt som Jorda gjev er det væl dei som tener oss til Brau, det ligg mest Lag paa. Me vil difor fyst taka for oss Konnslaga og etter den offisielle Statistikk syne kor mykje Europa og Sambandsstatane avlar for Aare, me tek likevæl her ikkje med det som trengs til Saakonn.

Middelsproduksjonen utrekna for Aara 1881 —
1886.

| | | |
|----------------------|---------------|---------|
| Kveite | 477,000,000 | Sentner |
| Rug | 333,500,000 | — |
| Bygg | 162,000,000 | — |
| Havre*) | 233,000,000 | — |
| Mais | 536,000,000 | — |
| Andre Konnslag . . . | 10,500,000 | — |
| Ialt | 1,752,000,000 | — |

Altso ein Milliard, sju Hundra og tvo og femti Millionar Sentner Konn, som Folk i Europa og Sambandstatane i Nordamerika hev til aa liva av

Kor mykje Brau blir det so av alt dette Konne. For Kveiten sin Del er det uvandt aa rekne det ut. Etter Landbruksdirektør Grandeau blir det av eit Sentner Kveite 103 Kilogram og 200 Gram fint Brau. Etter dette skulde dei 477 Millionar Sentner Kveite bli 52,088,400,000 Klgr. Brau.

For dei andre Konnslaga sin Del kann me ikkje seie so plent kor mykje fint det blir. Men det er greitt, at det av ein Sentner Konn allti er Raa til aa faa like so mykje Brau, allvist naar ein bakar av usikta Bjøl, som mange lærde vil ha det for gjev det Braue som det et mest Drygsel i.

No skal me sjaa paa nokre andre Slag Produkt, som det blir brukt svert mykje av, Skolmegras eller Belgfrukter (Erter, Bønner, Ris o. s. b.), Jordeple, Grønsaker og Frukt av alle Slag.

For Grønsaker og Frukt sin Del hev det elles vore raalaust aa finne fullkomne Utrekningar, so me for ein

* Ikkje medrekna 120 Millionar Sentner til For aaf Husdyra.

Del hev maatt teke paa ein Slump, men me er sikre paa at det ikkje er for høgt sett.

Middels Haust i Europa og Sambandsstatane (1881 — 1886).

| | | |
|-----------------------|---------------|---------|
| Belgfrukter | 115,000,000 | Sentner |
| Jordeple | 820,000,000 | — |
| Grønsaker | 300,000,000 | — |
| Frukt | 350,000,000 | — |
| | <hr/> | |
| Ialt | 1,585,000,000 | — |

Attaat dette maa ein leggje 22,000,000 Sentner Sukker av Sukkernæpe og umlag 1000,000,000 Klgr. Honning.

Me skal dinæst granske kor mykje Kjøtmat det blir produsera i Europa og Sambandstatane til kvart Aar.

Det er ikkje noko Statistikk, som gjev full Greie paa dette, Utrekningane vaare skal likevæl føre oss innimot det rette. Me gaar ut ifraa Tale paa Kretur i desse Landa Aar 1885.

| | |
|----------------------|-------------|
| Storfe | 142,000,000 |
| Sauer | 240,000,000 |
| Svin | 88,000,000 |
| Geiter | 17,000,000 |
| Hønsfuglar | 385,000,000 |
| | <hr/> |
| Ialt | 872,000,000 |

Me kann av desse Tala finne ut kor mange Slagtkretur det er for kvart Aar, naar me reknar, at av Storfe blir det earleg slagta 17 av Hundra, av Sauer 22 av Hundra, av Svin 71 av Hundra, av Geiter 80 av Hundra, av Hønsfugla 90 av Hundra. Og med eit laagt Tal finn me, at Jamnsvegta er paa Storfe 250 Klgr.

paa Sau 20 Klgr., paa Svin 88 Klgr., paa Geit 17 Klgr.,
paa Høns 7 Klgr.

Etter dette set me upp denne Tabellen, som syner
kor mange Slagtedyrdet er i Europa og Samband-
statane kvart Aar, og kor mykje Kjøtt dette blir aar-
leg (1881 — 1886).

| | Slagtekretur | Kjøtt | |
|--------------|----------------------|----------------|-------|
| Storfe . . . | 24,140,000 | 6,035,000,000 | Klgr. |
| Sauer . . . | 52,800,000 | 1,056,000,000 | — |
| Svin . . . | 62,480,000 | 5,498,240,000 | — |
| Geiter . . . | 1,360,000 | , 23,120,000 | — |
| Høns , , | 346,500,000 . , , , | , 346,500,000 | — |
| Ialt | 487,280,000 | 12,958,860,000 | — |

Endaa er det ikkje her rekna med anten Hestekjøtt eller noko Slag Vilt, som det ikkje gaar so lite av, men som Statistikken ingi fullgoe Opplysingar gjev oss um.

Av dei Produkte som me fær av Dyra skal me so ta Mjølkk (Smør og Ost) som er eit svert viktig Næringsmiddel for Menzeskja. Heller ikkje her fins det sikre Tal aa halde oss til, me maa slutte oss fram. Me gaar ut fraa Kreturtale, seier at Halvparten av Storfe er Mjølkekyr, og at kvar Mjølkeku gjev 3 Liter for Dagen, (det er laagt sett), det blir aarleg 70 Milliardar, og daa ein Liter Mjølkk veg umlag eit Klgr., so blir dette likt med 70 Milliardar Klgr. Mjølkk.

Eit anna Produkt av Husdyra, Egg, skal me og ta med, det gaar ikkje so lite av Egg, berre i Frankrike for kvart Aar 2 Milliardar. Ved aa gaa ut fraa Tale paa Hønsfuglar finn me at Eggmengda i Europa og Sambandstatane kann setjas til 12 Milliardar. Eller naar ein reknar at kvart Egg veg 62 Gram, so blir det ialt: 744 Millionar Kilgr.

So kjem me til Fisken. Kva ho har paa seg Fiskinga forstaar me straks berre naar me høyrer, at i Norig einast er det 80 Tusen, i Frankrik like so mykje og i England 120 Tusen Menneskje, som driv paa ligg paa Fiskje. Um ein ikkje reknar med alt det som dei fiskar til Husbruk so kann berre i Norig Fisken setjas til 50 Mill. Kr. for Aare og i Sambandstatane til 350 Mill. Kr. Franskmennene fiskar 200 Mill Klgr. og Russarane, i Volga og det kaspiske Have 400 Mill. Klgr.

Det aarlege Storfiske i Europa og Sambandstatane gjev 4 Milliardar Klgr. Fisk.

Me kunne endaa nemne, Matolje, Ber, Hestekjøt og mange andre Slag, men det vilde ikkje gjeva so store Tal, at me tek det med i dette Umsyne.

Heller ikkje tek me med Øl, Cider, Alkohol, Likører, daa dei blir laga av slike Produkt, som me fyrr hev nemnt. Einast Vin lyt me rekne med. Av Vin blir det aarleg laga i Europa og Sambandstatane: 12 Milliardar Liter.

IV

Vil me setje ihop i ei Rekkje det som me no hev rekna ut, so finn me at den aarlege Midelsproduksjon i (1881 — 1886) av Næringsmidlar i Europa og Sambandstatane var:

| | | | |
|-----------------------|---------|----------------|---|
| Brau av Kveite , , , | 52,088 | Millionar Klgr | |
| — — andre Konnslag | 137,500 | — | — |
| Frukt og Grønsaker, , | 158,500 | — | — |
| Sukker og Honning , , | 2,300 | — | — |
| Kjøtt , , , , , , | 12,960 | — | — |
| Mjølkk , , , , , , | 70,000 | — | — |

| | | | |
|---------------------------|-------|------|------|
| Egg , , , , , , , , , , | 744 | Mil. | Kgr. |
| Fisk, Skaldyr og Blautdyr | 4,000 | — | — |

| | | | |
|------------------|---------|-------------------|---|
| Ialt , , , , , , | 438,092 | — | — |
| Vin , , , , , , | 12 | Milliardar Liter. | |

Me fær altso det store Tale: *fire Hundra aatte og tretti Milliardar, tvo og nitti Millionar Kilogram med Mat og tolv Milliardar Liter Vin.* Folke som or vante til aa lesa i Blaom og høyre Storkarane prate um kor smaatt det er her i Verda, so ein maa vera gla den som raakar til aa ha ein Matbit i Munn, dei vil synas, at dette Tale er altfor stort. Me fersikrar Dykk paa, at det er heller for lite enn for stort, for den offisielle Statistikkken som me hev halde oss til tek ikkje med naame nær alt i dei mange smaa Næringsgreiner det er for det meste det som kjem paa den store Marknaen det nemner. Dette Tale er difor det aller minste me kann setje den aarlege Matproduksjonen, til og me vil daa gaa over til aa grnaske, um det kann seias aa vera nok, eller um det verkeleg er so, som mange trur, at ein stor Del av Menneskja er dømd til aa svelte.

Me hev fyrr nemnt, at i Europa og Sambandstatane er det umlag 407,360,000 Menneskje (i 1886). Der som ein no byter likt millom desse dei ymse Matslag, som me hev rekna upp, so blir den Loten, som fell paa kvar, so stor:

| | | |
|----------------------------|-----|-------|
| Brau av Kveite , , , , , | 128 | Klgr. |
| — — andre Konnslag , , , | 337 | — |
| Frukt og Grønsaker , , , , | 389 | — |
| Sukker og Honing , , , , , | 5 | — |
| Kjøtt , , , , , , , , , | 32 | — |
| Mjolk , , , , , , , , , | 172 | — |

Egg , , , , , , , , , 2 Kgr.

Fisk , , , , , , , , , 10 —

Ialt, , , , , , , , , 1075 Kg. paa kvar

Vin , , , , , , , , , 30 liter paa kvar

Desse 1075 Kilogram fast Mat og 30 Liter Vin

for Aare svara det so til kva eit Menneskje treng for aa liva? Som Svar paa dette skal me nemne nokre vitenskaplege Kjensgjeringar.

Etter deimangslungne Uttrøyningar som er gjort um Næringsmidlane, veit me at til aa liva normalt treng Menneskja visse Mengder av det ein kallar ternære Slag (Kolhydrat og Kolvassto) og kvaternære Slag (som inneheld Kvævto — Kvävsto.). Det er Samansetninga av desse tvo Slaga det gjeld um, og den kann ein daa maate til paa mange Gjerder av dei mange Slaga fraa Planteheimen til Dyreheimen. Det som eit vakse Menneskje treng for kvar Dag er daa dette:

1000 Gram av Kolto-næring (Brau og anna av Planterikje). 300 Gram Kvævto-næring (Kjøt, Mjolk, Egg).

Det er desse 1300 Gram fast Mat som ein ireng til aa vera arbeisfør og med Helsa, naar me tek so midels Folk. Ungdomar kann væl trengje noko meir, men gamle Folk og Kvende noko mindre.

1000 Gram for Dagen det blir for Aare

365 Klgr. Brau og liknande

109 — Kjøt og likande

Ialt 474 Klgr. fast Mat.

Etter Rekningane vaare fyrr hev me funne, at det som kvart Aar blir produsera aarleg av Mat i Europa og Sambandstatane bytt aat kvar vart:

859 Klgr. Brau og dilikt

216 — Kjøt og dilikt

Ialt 1075 Klgr.

474 Klgr. treng kvar og 1075 Klgr. er det i alt. Det er soleis so langt ifraa, at nokon treng svelte, at det tvertimot kvart Aar blir produsera over åobbelt so mykje Matvare som ein treng um.

Ja det er so flust av berre det eine Matslage Konn, at ein kunne føe baade Europa og Sambandstatane med det, allvist um ein gjorde som Liebig vilde, baka Braue av usikta Mjøl; ein hadde daa det Matslage som inneheldt mest av baade det Kvævtoe or det Koltoe som ein treng. Legg ein no til alle Grønsaker og all den Frukt, som blir avla, so var det sikkert, at ein ikkje trengde eit einaste Dyr til aa skaffe seg Mat. Naar me so legg Merkje til, at Folk som hev granska Grunnsetningane for Jordbruk fin, at berre ved ei vitenskapleg Stelling med Tillaging av Frau kann ein faa det same Jordstykkje til aa bera 4—5 Gonger so mykje som no, so skulde ein daa sanneleg ikkje ha nokon Næringsorger.

Me hev set at kvart Menneskje treng 474 Klgr. faste Næringsmidlar for Aare. For dei 407,360,000 Menneskje somer i Europa og Sambandstatane blir det daa:

| | |
|----------------------------------|-----------------------|
| aarleg Forbruk | 193,088,640,000 Klgr. |
| Den aarlege Draatten var | 438,072,400,000 — |
| Skilna millom Draatt og Forbruk: | 245,003,760,000 Klgr. |

Altso 245 Milliardar Klgr. meir Matvare enn det trengs. Med andre Ord, Mat aat 515 Millionar Menneskje meir enn det no fins i desse Landa.

V.

Kor blir so i all Verda av desse 215 Milliardar Kgr. med Matvare, som det ikkje er Folk nok til aa eta upp?

- 11 -

Me skal freiste svara paa dette.

Ein Del av all denne Vara blir brukt i Industri-
en til kjemiske Produkt. Mykje større er den Delen
som kvart Aar blir brukt til aa laga sterke Drykkjer
(Øl, Brennevin og dilikt). Men dette heller dreg ikkje
so følt hardt, daa det i Europa og Sambandsstatane
ikkje blir bryggja meir enn 17 Millardar Liter Øl.

Uppaling av Husdyr slukar og sin Del. I mange
Land gaar det soleis mykje Bygg og Havre til Hønsa.
Det er raalaust aa verdsetje kor mykje det kann gaa
upp til, det som Høns og Svin fær av slikt som kann
vera etande for Folk; seier me 50 Milliardar Klgr. so
er det daa vist det meste.

Me kann seie at tilsaman gaar det til Industrien,
til Øl og til Brennevin og til Uppaling av Husdyr
120 Milliardar Klgr. Dette Tale er vonleg altfor stort.
Men likevæl er det daa endaa for kvart Aar att eit
Overskot av Næringsmidlar paa 125 Milliardar; det vil
seie Mat til meir enn 260 Millionar Mennskje.

Kor blir det so med alt dette?

Ja paa dette Spursmaale er ikkje noko anna aⁿ svara,
enn at det blir burtspilt, ja burtspilt paa fælste Vis,
som me no skal syne.

Det er no for det fyste ein stor Del av Avlinga,
som gaar til Spilles paa den Staen der ho veks. Iser
er dette Tilfelle med Frukt, og det gjeld alle Slag paa
dei 3 Stelle der det er so klene Samferdselsvegjer, at
Bonden ikkje kann føre Vara ut eller paa andre Maa-
tar hev vondt for aa gjera seg til Nytte av ho. Slikt
er noko som alle Reisande veit aa fortelje um, og som
nokon kvar kann raake til aa sjaa, for det er ikkje
sjøldsynt sjølv i tettaste Eurpa. Sjølv i Frankrike er

det Tilfelle paa mange Staer. I mange Delar av Sardinien, som ikkje hev Vegjer til Hamner ved Hæve er det store Vidder med Frukt-treskogar, der Jorda blir som straatt med den finaste Frukt um Hausten, ingen bryr seg um aa sanke ho, so ligg det og rotnar det som kunne ha vore Mat for mange. I Amerika er det svært mykje Konn som gaar til Spilles, fordi det ikkje løner seg aa føre det ut; det er sume Staer det er slik ein Mengde med Mais, at dei brukar han i Staen for Ve. Og i Nordland hender det ofte, at dei køyrer Sil-da paa Aakren til Hevd. Og for all denue Øyinga er det sanneleg ikkje nokon annan enn den bakvende Samfundsordninga vaar, som fær bera Skulda. Hadde dei berre spara dei Milliardane som kvart Aar blir brukt til Herstelle og bygt Jønnevegjer for, so hadde straks mykje go Mat kunne bli førd til dei som trengde'n.

Likevæl er det nok meir som blir spildt paa andre Maatar. Det er verre med det som blir spilt med Vilje, soleis som det so ofte blir gjort av Handelsfolke, som skulde vera Millommenn millom Avlar og Brukar av Vara. For aa faa Prisane til aa gaa upp og dermed faa meir Vinning er dei likesæle slike Folk um dei kvart Aar sender aat Havsens Botn Millionar Kilogram med Konnvarer og Grønsaker. Dinæst er det og mykje Vare, som blir liggjande hjaa Handlaren so lenge til ho blir skjemd fordi Folk ikkje hev Raa til aa kjøpe ho. Det er ikkje mange Upplagshus, der det ikkje kvart Aar blir spilt mykje paa den Maaten.

Denne Matøyinga, som Bonde og Fiskar hev be-gynt og Handlaren halde fram med er det so Storbrukaren som fører til Fullnas. Det vart nok eit fullstort Reknestykkje og det, ume in skulde leggje ilop alt det som

dei suslar burt i Ovbuna og Ukjurskap Storkarane Det er kanskje Stordelen av dei, som ikkje noko gjer, som legg i seg meir enn det trengs. All denne nyttelause Ifyllinga er baade til Skae for dei sjølve og til Mein for Medmenneskja deira. Umfram alle dei kostsame Rettene dei skal ha sjølve, so hev dei og ei heil Mengd med nyttelause Tenarar, Hestar og Hunda. til aa fø, og det blir ikkje so lite, som gaarmed til dette. Eg før min Del hev no kjent ein slik Herremann, som held hundre Hundar av alle Slag, og til Mat aat desse gikk det til, umfram all Mjølka, meir enn 100 Kilogram Brau og Kjøt for kvar Dag. Eg er stø paa, at av det som desse Hundelarvane slukte i seg, kunne 120 Menneskje havt si rike Utkome. Men Folka som budde der kringum, dei forgjekk mest av Armo. Og De maa nok ikkje tru, at dette her var den einaste av det Slage Det er nok mange slike Suggar, sjølv i Land, der Eignedom er aldri so mykje sundbytte. Og der som Mestedelet av Jorda høyrer til dei store Gossa, der er det i hangevis av dei, som i England, Russland, Austrikje og Tyskland. Det er jagt og Sport dei driv mest paa med slike Gauvar, og med det dei soleis øyer upp kunne dei greie seg alle dei som li og svelt.

Dersom det no endaa berre var Overskote som ingen annan kom til aa bruke, som Storkarane øyde soleis burt, so fekk det vera so stygt det vilde, ein fekk late Augo att for det likevæl. Men, som me veit, er Ulyka den, at det ikkje berre er Overskote som gaar soleis aat Voka, men det er og fælt mykje av det som er trengjande til at alle skal bli mette.

Me er no ferdige med den Granskinga som me sette fyre oss. Etter dei Rekningar me hev gjort paa

so trauste Grunnlag som mogeleg tenkjer me det ikkje er Raa for nokon aa sleppe unda, anna han maa dra-ga denne Slutainga: naar det er mange Millionar Men-neskje, som svelt og li vondt, so er det ikkje fordi her er for lite Mat, men fordi Matvara gaar til Spilles paa faelaste Vis. Sjølv i det villmannslege Tilstand som Jordbruke er i endaa, so er likevæl Jorda so gjæv, at ho giev oss tvo Gonger so mykje Næringsmidlar som det trengs til at alle kunne ha Nøgda. Det sosiale Spursmaale er difor ikkje so uløysande som dei skriv og rør um vanleg. Det kjem ikkje an paa noko anna enn aa faa ei likeleg Sundbyting av dei Produkta som alt fins. Men til dessa hev dei styrande Samfundslag av all Magt sparka imot denne Løysinga som vilde skilje Storkarane av med alle Fyremonene og Serrettene deira og tvinge dei til aa arbeie. Dei ligg so sjuke og gjæter paa Magta si og læst som dei ikkje høyrer Skrike fraa dei tusen Røyster som krev paa Brau. Dei er so gotrugne maavita at dei tenkjer det skal vera mogeleg alt utetter aa narre Folk med tome Lovnaer um at Politikken skal hjelpe dei. Men det blir nok ei Vending paa dette fyrr dei veit Orde av, for dei toler ikkje for mykje heller Folk som svelt, naar dei veit kva som er Grunnen til at dei svelt; og det lærer dei no litt um Senn. Djupare og djupare trengjer Tanke og Forstaaing ned i Folke, og er det so, at ikkje Storkarane braatt svingar um og vek til Vite, so kunne det koma den Dag, daa Hopen reiser seg og krev dei til Rekneskap for kva det blir av all den Maten som dei skulde ha Ret paa. Og daa vil dei ikkje lite seg med tome Ord og gilde Lovnaer lenger, men dei vil krevje paa og ikkje gje seg fyrr dei tær full Greie paa heile det gamle Slurvestelle, det koste kva det vil.

Ymist.

Tak!

Min reise til vestlandsbyerne er eudt. I 22 møter har jeg sammen med arbeidere og småfolk drøftet tidens store sporsmaal, — arbeiderspørmaalet. Med hvilket utbytte kan jeg selvfølgelig kun avgjøre for mit eget vedkommende, og da vil jeg si: jeg har lært mere i disse 5 uker end jeg nogensinde tidligere i mit liv har lært i likesaa mange aar.

Hvad jeg fremforalt har lært og beundret er, hvilket hjertensgodt folk der lever her i landet, hvilken sum av ædle tanker og varme følelser der er gjemt i det arbeidende folks bryst; godhed og medfølelse har lyst frem av de taareglinsende øjne, naar vi talte om uretten, savnene og lidelserne som saamange lever under. Jeg kjender de hjertevarme haandtryk av de barkede næver, jeg vil kjende dem saalænge jeg lever, de vil til min siste stund være mig det kjæreste udbytte av mit livs arbeide. Ikke et av disse haandtryk vilde jeg ha byttet bort med alverdens titler og ordener.

Tak bergensere, tak listerfolk, tak sætersdøler, tak for samværet, tak for gjæstfriheden, men fremforalt tak for eders hjertensgodhed, den har varmet mit sind, den har mildnet dets bitterhed, den har styrket tro paa et samfund i broderskab, velstand og lykke. Lad os med forenede kræfter ta fat paa arbeidet mot dette maal, lad os forene os med at bortrydde det ubyre, som nu spærrer vejen for utfoldelsen av det gode og ædle i menneskene, lad os ikke hvile for vi har tilintetgjort det i privatkapitalistiske produksjonssystem med al sin uretfærdighed og utbytning.

Skam dig, du Nils Hertzberg og alle I andre fortørkede teologer, som højlydt proklamerer, at urettens og trængslernes aarsak er folkets mangel paa godhed.

Føler I jer aldeles ansvarsløse, siden I vover at begaa en saadan skjændighed, som heldt fra barn av at vetskrømme det norske folk med trusler om evig helvedspine.

Forstaar I ikke, at I, ved uavbrudt at paastaa, at de er djævelens børn, at de er onde tilsidst maa fastne den tro hos dem, at de er personlig ansvarsløse for sine handlinger?

Aanej, I forstaar eder vist ikke paa andet end god mat og store pensjoner; al anden følelse er vist fortørket i eder?

Og I gode statsmænd og lovgivere, I følger troilig i de fortørkede teologers fodspor. I sidder der og laver lover og værner uretfærdigheden ved at lænkebinde folket, som om det bestod av barbarer og djævle.

Hold dog op med det! Værn ikke uretten længer! Lad folket faa utvikle sig frit og selvstændigt! Løs lænkerne! Vent ikke til folket sprænger dem selv!

Uh! hvor taabeligt det dog er, at stille denne appel til eder. I vil jo ikke det godes sejer. I tror jo ikke paa det gode, og tragter ikke derefter som vi, der har følt at ha det ondt.

C. Jeppesen.

(Social-Demokraten).

Aldersgrense.

Desse reformkarane driv med noko dei kallar „almindelig stemmeret“. Men kva dei meinar med „almindelig“ veit dei knapt sjølve. Sume av dei held *kvinn-*

folka utanfor. Sume reknar ikkje *tenarane* med til „almindelig“. Sume vil ha *kaarfolke* utanfor (men ikkje pensjonistane; dei er „almindelig“). Og *alle* er dei same um aa halde utanfor dei som er under 25 aar.

Men ei grense maa der daa vere, seier du. Ja det er greitt. I *dette* samfunde, der folk er delt i trældyr og avaat, i nærande og tærande, i tydande og styrande, i hokyn og hankyn, — her som dei i kyrkje og skule, paa dampbaatar og jarnvegsvogner hev laga rom aat I-klasses folk og II-klasses folk og III-klasses folk, der maa dei ha aldersgrense og. Det eine høver med det andre. Heile samfunde er ei kunstig innætning som tyrannar og lovmakarar hev tenkt ut. Og dei meaa halde det uppe med kunstige sundskiljingar.

Der live fear forme seg paa *naturleg* maate der veit dei ikkje av alle desse grenser. Naar nokon skipar eit baatlag burt paa vestlande for aa drive fiskje, so gjer dei ikkje ei lov um at den som er 16 aar han skal teie munnen sin og la gamlingane faa raa. Der spørs aldri etter alder. Den som hev vit til aa kome med ein go meining, han høyrer dei paa, anten han er 16 aar elder 60. Og um nokon ikkje hev vit, men skravlar lell, so let dei han skravle. Men dei *vyr* han ikkje. Han er uskadeleg, anten han so er 16 aar elder 60. Men daa ein gamal mann hev røynt meir enn ein ung mann, so fell det naturleg, at naar det gjeld aa kome seg utor vanskar, so lyder ein kanskje mest etter dei gamle sine raad. Men naar det gjeld aa *finne paa* noko, daa er det ungdomen som er best. Og naar det gjeld aa *bruke seg* er dei unge likast. Dette veit baade dei unge og dei gamle. Difor gjer det liksom seg sjølv, at paa kvar baat er det alltid nokre gamle og nokre unge. Dei treng kvarandre. Men dersom det

hender, at paa ein baat er der berre gamlingar, og paa ein annan baat berre ungdomar, so gjeng det alltid betre med dei unge enn med dei gamle.

Og den som er styremann (Nordland: høvedsmann) hev nok mest aa seie, naar det knip ur, avdi røynsla hev lært dei, at i slike høve er det òn aa gjere, at det *gjeng* paa ein maate, sjølv um det ikkje er beste maaten. Men han er ikkje „herre“ i annan maate enn at han hev det arbeie aa ha liksom oversyn over situasjonen, og daa dei andre maa passe kvar sitt, er det greitt det maa gaa etter hans ord, sjølv um han ikkje er den likaste. — Men andre tider, naar det gjeld rolege avgjerdsler, daa hev ikkje han meir aa seie enn hine.

Helder ikkje er det so, at ein tek gamlingar til styremenn, liksom dei gjer i politikken. Tvertimot. Naar ein mann vert ei 50 aar, so vil dei ikkje lenger ha han til styremann*). Derimot hender det ofte, at ungdomar paa 22—25 aar er styremenn. Men dei vil daa helst ha ein eldre mann med seg i baaten.

Slik gjeng det, naar live faar forme seg paa *naturleg* maate. Der trengs ingre lover, ingre reglar ingre kunstige grenseliner.

Men det er *vigtugare*, naar det gjeld ðeile samfunde, seier du. So, det er kanskje ikkje viktugt aa styre ein baat gjenom brot og brand, millom fluer og skjær, i storm og myrkr! Det er kanskje ikkje viktugt aa ha ei 6—7 menneskeliv i handa si!

*) Ja ein vel ikkje styremenn som ein vel stortingsmenn, paa den maaten at ein fyrst vel seg ei tvo valmenn, og so vel desse styremann. Nei naar ein mann hev hug te vere styremann, naar han tak i ein baat. Er det ein dugande kar, so faar han folk med seg. Er det ein larv, so naar han ingen med seg.

Men so er fiskrie og slike praktiske ting ikkje so vandt aa skyne som denne politikken, seier du. Og det hev du rett i. Humbugen er alltid vond aa forstaa seg paa. Difor vil me sende politikken til Bloksberg, so at live kann verte slik, at kvar med sex kann vite kva lei det ber. Og naar samfunde vert slik, so trengs ikkje røysterettsreglar eller aldersgrense eller noko anna slikt fanteskap.

La politikarane aaleine slaast um kor mange kroner ein skal ha um aare for aa faa velje ein valmann ei 5—6 gonger i sitt liv, høgt sett. Me som vil at folke skal faa *live* skikkeleg, — la oss drive paa med aa faa dei te vende tankane mot større ting.

Og de ungdomar, paa ekserplassen er de gamle nok, til karnomat og til verje aat storkarane held dei dykk fullmyndige, til rældyr er de go nok. Men det er alt. Ungdomar, snu ryggen aat dette rangvise samfunde og slut dykk til oss, som ikkje vil vite av slavar og undergivne, men berre spør etter kameratar, likemenn i like vilkaar!

La so blada lenge nok skræme med at me er „samfundsfarlige“. Det er me, eller kann bli. Me vil samfunde tillivs. Men det er ikkje det same som aa vere mannisk. Me tenkjer ikkje paa aa slagte ne folk i haugvis, liksom dei øver dykk upp til, dei som er „samfundets støtter“.

Forfyljing.

Styringane omkring i Europa tenkjer paa aa faa ei aalmenn forfyljing istand mot anarkistane. Dei kynar dei goe folk, at det spøker for dei, skal anar-

kisma faa rot i folke. Og so gjeld det aa bruke seg Det gjeld aa tyne sanninga i tide. — Ja la dei bruke seg! Dei brukte seg mot kristendomen og. Men det berre spreidde han utover so mykje fortare. — Stytingane kann ingen ting gjere for aa stogge desse tankane. For dersom dei jagar anarkistane or lande, so hjelper berre det til aa sanke kreftene. Og dersom dei hengjer deifupp, so er det den beste maaten t l aa skape nye anarkistar paa.

Aandsfridom.

17 russar hev lege i Paris og studera kjemi. Men no høvde det so, at desse russane samstundes var anarkistar. Den franske styvinga, som ikkje likar anarkistar og som gjer alt for aa halde seg goven med rusen, tok desse karane fast, sa at det var faarlege nihilistar, og sende dei til Ruslad. Og Rusland hev Sibirien det aat alle slike.

Kor er det med den læra at aandsfridomen er større no enn i gamle dagar? Gubevars, folk vert ikkje brende no um dei seier, at jorda er rund. Men folk vert hengde og sett i fengsel og sendt til Sibirien for at dei seier, at ein ikkje treng storkara og tyrannar og lovsmedar, og at det gjeng an aa faa burt fatigdomen. Er det so mykje likare?

„Britannia“ heiter den nye bergensbaaten som skal gaa i englandsruta. Det er nok sveraste og gildaste baaten her tillands. Eg veit ikkje kor mange tusen eller millionar han kostar. Men ein hadde nok gjort store angø nokon kvar nm ein kom inni fuaste

roma der, etter som dei skriv. — Men ver urædd, — du arbeidsmann med dine sjaskete klæer og lette pung, og du bondemann i di graa trøye og kjeivete framferd, de slepp kome inn i slike rom. De vert skubba og rengt augene til der de gjeng paa dekke aat desse slubbne kystbaatane til dess. Bikkjer tek dei med seg i „Salonen“. Men dersom du vaagar aa glytte inn-gjenom ei dør, so faar du anna vite. Og dersom du er svolten og bed um ein bit av alt det storkarene hev løyvt, so faar du ein grov kjætt, og dei slengjer maten i have for nasa paa deg.

Nei „Britannia“ er ikkje for dykk. De fær sjaa um alt det finne i blada. Men engelske rikfolk som hev livt seg leide i England og maa til Norge og spek-kje seg, æi er det som skal ha godt av det. — Driv berre paa og slite og spare de arbeidsfolk. Der er nok dei som veit aa faa ende paa fruktene.

Var „Britannia“ ein baat for kvar mann, so var han ei pryd for lande, som dei skriv. For det er al-tid giltt aa sjaa kva mannstanken kan evle. Og det vilde vere giltt for arbeidarane aa vite at det meister-verkje der, det er „vaart“. Det vilde gi dei glede for sveittedropane. Men no! — „Britannia“ er no i bes-te fall ei knipetaug aat ein spekulant til aa snappe engelsk mynt med. Eller det er eit nytt prov paa uretten i dette samfunde som ovanntil er blankt som „Britannia“ men neantil er sveittelagt og sötutt som ei kolgruve.

Gogjerdslø.

Vil man tilfulde forstaa vort nuværende samfunds moral, og ha en maalestok for anstøret menneskene

imellem, saa skal man studere den *moderne barmhjær-
tighed*, den ytrer sig paa mange maater, men alle er
like lumpne, like lærerike.

Jeg var igaar hos en bekjendt; der blev trukket
op en flaske portvin „tør, til 4 krone.“, (det var fru-
en som oplyste om prisen). Medens vi talte, rev jeg flaske-
kapselen i smaastykker. „Det maa de ikke gjøre“, sa
fruen blidt, „jeg samler paa kapsler og korke til fat-
tige børns beklædning“. Se her, hun trak ut en diske-
skuffe og rodede omkring med baanden i en hel meng-
de kapsler, og medens øjnene straaledede av barmhjær-
tighedsglæde, spurte hun: „Er der ikke mange?“

„Jo—o, det er storartet. Hvoimeget betales for
disse?“ spurte jeg.

„15 øre hundrede. Og det er bare fra jul“.

„Bare fra jul, enda mere overraskende frue“, ytre-
de jeg, „der er vist hundrede“. Hundrede flasker tør
portvin à 4 krone, det udgjør 400 kroner, det blir hun-
drede kapsler eller 15 øre til fattige børns beklædning,
og det er bare fra jul. Blot saaledes hundrede famil-
jer, hver drikker op hundrede flasker portvin à 4 kro-
ner fra jul og til paaske, altsaa for 40,000 kroner, og
de gjemmer kapslerne, saa vil en fattig gut kunne bli
lyksaliggjort med en konfirmasjonsdres til 15 kroner.
Morgenbladet har ret, „i det stille øves der meget godt
mod de fattige“.

Fruen saa saa underlig paa mig.

C. Jeppesen
(i Social-Demokraten)

Louise Michel, den djerne stridskvinna for rettferd, ho var ei av dei 500 anarkistane som vart fengsla 1ste mai i Paris. No hev dei slept ho paa frifot. Ho er „utilrekeleg“, seier dei som iaar. Skade at ein ikkje kann seie det same um dei!

No skriv ho sjølv: „Kjære venene mine! E hev aldri vore „utilrekeleg“, men oppøst, rasandeg Eg hadde ikkje fortent slik skam som aa verte sett. paa frifot av Constants“.

Lokalblada stend høgt her tillands no. Det er slut med den tia daa dei berre dila etter storblada. No gjeng desse smaa modige vælskrivne lokalblada sine *eigne* veier. Og daa styrarane for det meste er folk fraa dei lægre lag som veit sjølve kor arbeidsmannen hev det, og daa dei oftast skriv avdi dei hev hug aa gjere noko godt og ikkje skriv for pengar, so er det greitt at desse smaablada vil kome ynkeleg paa vert for kapitalistkatterie i Kristiania.

„Fjeld-Ljom“, „Kongsbergs Blad“, „Lister“, „Vossebladet“ og fleire vert alt kvassare og kvassare. Og eit av storblada i Kristiania, „Kristiania-posten“ er paa veg utor Oftedalsnolitikken, -- ikkje for aa gaa til det „reine vinstre“ som sume seier, men for aa slutte seg til arbeiarpartie.

Ofring til Bibelselskapet vil det verta i dei fles-
te Kyrkjom i Aar, skriv „Nordmannen“. Han bed alle
norsklynde folk leggje sitt offer inn i ein konfelutt og
skrive utanpaa: „*Til ei billeg utgaave av det nye tes-
tamente*“. Daa vil ein faa bibelselskape til aa gjere
ei slik utgaave. Elles ikkje.

Storting sit halve aare og gjer lover. Men de godt folk, synes de, at de faar stor mun av det? Er det ikkje slik at live gjeng sin gamle skjeive gang i bygda dykkar likevæl! Hev de nokon gong merka, at live tok ei anna vending ved det dei gjorde paa tinget? Er det nokon av dykk som eingong bryr seg um aa lese dei lovene dei gjer? — Men det hender daa, seier du, at nokon kjem ut for desse lovene. Aaja, men vanleg er det daa so, at dei som kjem ut for dei dei lid urett. — Men um no alle desse fredningslover og andre skulde gjere, at der vart nokre laksar meir, nokre tre meir, nokre revar mindre (i skogen) kva hev so det paa seg mot alt det dei et upp dei som sit paa tinget? 114 mann med 12 kr. dag kvar, halve aare!

Men det verste er, at der utover bygdene gjeng so mange bra karar og vert utskjemde, avdi dei gjeng med tingmannsemne i magen.

Henry George-karane „gaar ud fra eiendomsrettens hellighed og ukrænkelighed“, og vil „afskaffe de nuværende forhold, at staten fratrøyer mig en del af min eiendom i form af skatter paa mit forbrug eller min arbejdsfortjeneste“.

Me kommunistane gjeng og ut fraa „eiendomsrettens hellighed og ukrænk lighed“. Men me er ikkje fullt so doktrinære. Det er nok gilt aa vite tor ein som hev fiska 2 tunne sild, at han hev fiska dei aaleine. Men dersom han i same tid med mindre arbei og mindre kostna kann fiske 4 tunne sild istaenfor 2 ved aa slaa lag med andre, so er der ikkje 1 av 100 som ikkje helder vil det, sjølv um han ikkje daa kann kyte av, at han hev fiska dei „aaleine“.

Men ein maa plent ha *privateigedom*, seier desse

karane, so dugleiken kann faa sin rett. — Dei hev det hart med aa syne, at jorda er tenkt aat alle, at det er samfunde som skapar jordværdien, so at jorda sjølvsagt maa vere samfundseige. Dersom jorda under Londons gater laag paa Himmalaia so var den jorda verdilaus. — Dei hev rett. Berre dei vilde fylgje tanken tilendes! Dugleiken er og naturens gaave, og samfunde er det som gjev dugleiken verd. Dersom Henry-George var fødd og oppvaksen paa Himmalaia, so vilde dugleiker hans ha vore utan verd. Hadde Bismark vore tyrk og Gladstone zuluer og Shakpseare madagassar, so hadde verda ikkje kjendt desse namna.

Elles, folk med verkeleg dug' ik, dei treng ikkje økonomisk vinning. Dei søkjer glee si i arbeie sitt, ikkje i aa live flott. Og naar dei fekk alt det dei trengde, og ikkje trengde syte for bonna, kva skulde dei daa med meir? Ingen laar leivningane med seg i grava.

Me treng ikkje dugleiken aat desse so berre søkjer økonomisk vinning. Her er so nok av krefter som vilde bruke seg, berre live vart slik, at dei kunne faa høve til det. — Ullmann sjolv er eit livande vitne mot si eiga lære. Og me ser det i livet elles. Jagtmanen traskar ikkje i skogen etter villt for aa bli rik. Det vert han nemleg aldri. Likaste fiskarane driv ikkje paa som dei gjer for aa bli rike. For oftast let dei det gaa so fort som det kjem. Men det er ei useielig glee i det aa faa mykje fisk. Uppfinnaren piner seg ikkje med sine konstruksjonar for aa bli rik. Han svelter seg helder og øyder rikdomen sin for aa drive paa. Og dersom maalaren, bilæthoggaren, forfattaren o. s. v. gjer arbeie sitt for aa tene pengar, so vert det deretter.

Arbeie er langt gildare, naar ein arbeier fleire ilag.

For naar ein stend grev aaleine, so syner det so lite etter det. Men det er ikkje nok aa arbeie med kvarandre. Ein maa arbeie for kvarandre og um arbeie skal verte fullgildt.

Tingarar!

Det stend i alle bla, at Fedraheimen skal gaa inn til fyste juli. Ein skulde tru daa at det var sant. Men ver sto paa det. -- det som stend i alle bla er sjeldan sant.

Fedraheimen tenkjer ikkje paa aa slutte endaa, maa de tru. Han vil berre ta seg ein rakietur utover bygdene no i sumarvarmen og lyas um folk, hoyre etter um ikkje folk vil ha ei raa med alle desse „aamune“, baade store og smaa, og eit og anna slikt. Men so snart det kjoles i vere tek han paa med skrivning att.

Dette er altso siste hafte dette fjordungaare. Me vonar, at dei som hev betalt, synes dei hev faatt lesna for pengane. Og dei som ikkje hev betalt, kann no fyrst gjere det, fyrr dei krev meir. Og dei som hev vere so gjave og betalt for heile aare, dei skal ikkje tape noko for det. Denne tia som gjeng burt no vert tilrekna seinare.

Men det seier me til alle som trui at Fedraheimen gjer godt arbei, bruk fristander i neste fjordungaare til aa sanke nye tingarar og til aa halde fram for folk dei tankane Fedrah. strir for. Me seier ikkje dette for Fedraheimen si skuld. For han kann berre leggje aarane inn naar han ikkje stend i det lenger. -- Me seier det for den store sak si skuld som han hev gjort seg til talsmann for.

Naar kvitekaren kjem ute, daa skal de vente rauekaren inne. -- Væl mott!

Naar du hev lese dette skriftet, so send det vidare!

Paa ymse Gjerdan,

Songane aat

Savalgu'en,

er aa faa hja Forleggjaren
Ivar Mortenson, Tynnset.
Pris 0,70 Send i Posten
5 Øre meir.

Hjaa meg er utkomet:

HJAA HO MOR

Forteljing av

Arne Garborg.

Pris: Kr. 5,00, ib. Kr 6,50

Mons Litleré Bergen

Anarkistskrifter.

„Lov og Autoritet“ av
Kropotkin pris 20 øre.

„Samfundet Dagen efter
Revolutionen“, oversat fra
fransk. Pris 20 øre.

„Ein Anarkist um Anar-
kie“ av Elisee Reclus.

Pris 10 øre

„Olav Husmann og Per
Snilkar, eller vegen til ja
bli lykkeleg“ umsvempa fraa
fransk. Pris 30 øre.

„Kann politikken hjelpe
os?“ av R. Steinsvik.

Pris 40 øre

„Til de Unge“ af Fyrst
Kropotkin, pris 20 øre

„Til Kvinna“, ymse styk-
kje, pris 10 øre.

„Treg nokon vera matlaus?“
av Kropotkin, pris 10 øre

Desse bøkene er aa faa
„Fedraheimens“ ekspedisjon.
Den som sender inn 1 krone
i betalt brev faar alle fritt
til seg send. Det vert ei
bok paa 244 sider. Den
som sender 6 kroner faar 8
eksemplar av kvar.

Trykt i P. M. Gjærðers Boktrykkjeri

Tynnset 1890

